

Austrheim kommune

Ref.:  
14/1644 – 8 / OMOVår ref.:  
../... 363Dato:  
15. april 2016**Ein del brunamnsaker i Austrheim kommune. Tiltrådde skrivemåtar.**

Me syner til eit e-brev som Olav Mongstad i Austrheim kommune skreiv til Stadnamntenesta på Vestlandet 18. august i fjor.

Namnet på bru nr. 5, *Kovesundsbrua* eller *Kovesundbrua*

I den basen som UiB har med stadnamn frå Austrheim, er ein holme attmed det aktuelle sundet registrert med namnet *Kovesundsholmen*. Ein bør difor ha med ein *genitivs-s* i brunamnet òg. (I det gjeldande lovverket er det ein normeringsregel som seier at ein i samansette namn bør bruka "den samansetjingsmåten som samsvarer med dialektuttalen av namnet". Sjå punkt 3.1.b.V i rettleiinga som er knytt til forskrifta til Lov om stadnamn.) Me tilrår at brunamnet blir skriva *Kovesundsbrua* i offentleg samanheng.

Namnet på bru nr. 10, *Synnevågsbrua* eller *Synnevågbrua*

I stadnamnbasen finst blant anna desse avleiingsformene der primærnamnet som er lagt til grunn for føreleddet, endar på *-vågen* eller *-våg*: *Grunnevågsbrekka*, *Kvalvågshøgda* og *Leirvågsløitet*. I tråd med desse formene bør ein òg skriva *Synnevågsbrua* (med

*genitivs-s*). (Jf. med det me har skrive i det føregående avsnittet.)

Med helsing frå



Oddvar Nes  
stadnamnkonsulent



Ole-Jørgen Johannessen  
stadnamnkonsulent



Kjell Erik Steinbru  
rådgjevar / sekretær

Kopi til Kartverket Bergen